

# Til Florø på jakt etter det perfekte båtbiletet

**FLORØ:** – Eg kom til Florø for å sjå dei gamle båtane og ta bilete, seier Geoff Woodcock, foto- og båtentusiast.

KNUT MAGNUSSEN tekst

## SAKA

■ Denne helga er Florø vertsby for Fjordsteam 2010, ei mønstring som samlar det meste av norske veteranbåtar. Det blir også arrangert turar med nokre av båtane til nærliggjande stader i distriktet

Woodcock var ein av dei mange som stod på Torgkaia i Florø og venta på at «Atløy», «Børøysund», «Oster» og «Granvin» skulle returnere til Florø etter å ha frakta passasjerar rundt om i distriktet, til Høydalen, Kalvåg og oyane utanfor byen. Han knipsa og videofotograferte ivrig etter kvart om båtbane klappa til kai og passasjerane strøynde i land.

– Turen var ei fantastisk oppleving, ifølgje Marit Gjerstad, som hadde følgt den kolfyrte D/S «Børøysund» til Kalvåg. Gjerstad arbeider til dagleg i utviklingsselskapet Sunnfjord 2020 og er med å utarbeide opplegget til turistane som kjem med cruiseskip til Florø.

## Elskar gamle båtar

– Magnificent, slo Woodcock fast. Han hadde fått med seg at Fjordsteam skulle arrangerast i sunnfjordbyen, og sette seg på flyet frå London med kamerabagane sine. Og turen angra han på ingen måte:

– Byen er fin og intim, og ei fin ramme rundt båtane, sa Woodcock, som forklarte kvifor han hadde teke turen på følgjande måte: Eg elskar gamle båtar, og er alltid på jakt etter det perfekte biletet.

På kaia stod mange skodelystne, som hadde brukt dagen til å vandre i byen og sjå seg rundt om bord på dei gamle båtane som ligg tett i heile hamna.

## Sjå på bergensbåten

– Det her er nesten som i gamle dagar, då heile by'n samla seg på Fylkeskaia for å sjå på bergensbåten, flirte Kai Alvar Brandsoy, som stod og kikka på båtane som fortøyde medan ettermiddagsola fekk det til å skine og blenkje i dei blanke, svartmåla stålskroga.

– Det er eit flott syn, og på slike dagar kan vi florøværingar vere stolte av byen vår!

**77** På slike dagar kan vi florøværingar vere stolte av byen vår

Kai Alvar Brandsoy

■ Geoff kom frå London for å sjå gamle båtar



FOTO: Geoff Woodcock tok turen til Florø frå London fordi han likar gamle båtar.



PASSASJER: Fantastisk, sa Marit Gjerstad om turen med D/S «Brønnøysund»



VETERANAR: «Oster» er allereie fortøydd ved Torgkaia, og «Granvin» legg seg på yttersida

# Kven bryr seg om dei gamle båtane?



**DÅ «STAVENES»** vart slept inn til Florø torsdag kveld, kunne synet leie tankane hen til Lasarus i Bibelen. Han døydde, men vart vekt til live att. Tre gongar har den over hundre år gamle båten sokke, tre gonger har den blitt henta opp att frå djupet, og når båten blir 110 år i 2014, reknar entusiastane med at den gamle kolfyrte dampbåten vil vere i stand att, og gå for eiga maskin. Bak dette underet ligg knallhard innsats og dugnadsjobbing frå ein skare med eldsjeler. Og med eit førtitals slike gamle båtar på hamna i Florø under Fjordsteam, skal det ikkje vere langt frå at den samla innstasen rundt alle desse skipa, dersom noko bryr seg med å rekne etter, nærmar seg ein halv million dugnadstimar i året! Det er ein innsats som er like verdifull som den er imponerende. Men spørsmålet er kor lenge ein greier å ta vare på både dugnadsända og båtane.

**DELS HANDLAR** det sjølvsgatt om pengar. Det er dyrt å rehabilitere og deretter drifte eit veteranfartøy. Reservedelar til gamle dampmotorar er ikkje vanleg hyllevare i moderne jernvareforretningar. Men den aller største utfordringa i åra framover, trur vi nok likevel blir å halde på den kompetansen og kunnskapen som må til for å kunne drive «Stavenes», «Atløys», «Oster», «Borøysund» og alle dei andre flytande kulturminna som denne helga har vore samla i Florø.

**FOR ELDRE** menneske representerer dei gamle båtane sjølv livsnerven i mange lokalsamfunn



langs kysten og i fjordarmene. Men etter kvart er det vekse opp nye generasjonar som aldri har reist med desse båtane, og som derfor og naturleg nok ikkje lenger har det same nære tilhøvet og kunnskapen om dei som far og bestefar. Då kan ein heller ikkje rekne med den same entusiasmen for å ta vare på dei.

**DESSUTAN ER** ikkje sjølivet lenger like vanleg blant ungdom på kysten som før, då det å reise til sjøs nesten var obligatorisk i enkelte miljø. Interesse for skip og skipsbygging ser ut til å vere minimal blant ungdom. Altfor få norske ungdommar vel sjøen som yrke, og vernet i Florø greidde til dømes så å seie ikkje å rekruttere

lokale ungdommar dei åra vernet enno gjekk så det suste. At skipsbyggingslinja ved den lokale vidaregåande skulen vart lagt ned, skuldast ikkje fylkeskommunal uvilje, men mangel på interesse og søkjarar blant dei unge. Ungdommen ser ut til vere meir opptekne av data enn mekanikk og sjømannsskap. Derfor er det stort sett godt vaksne mannfolk som pikkar rust, målar, smør og seglar dei gamle båtane.

**ENTUSIASME HAR** så langt ikkje vore mangelvare i fartyvernet. Det er ein god eigenskap, men dersom den entusiasmen som er heile fundamentet for fartyvernet i Norge er i ferd med å tørke

inn, er det på høg tid at entusiastane i veteranbåtmiljøet set seg ned og tenkjer grundig over korleis ein skal greie å rekruttere unge menneske som kan og vil ta vare på dei gamle båtane også i dei neste generasjonane.

**DELS VIL DET** handle om privat sponning, offentleg støtte og ikkje minst velvilje, der dei som ønskjer å drifte gamle båtar føler det offentlege vernebyråkratiet som ein stottespelar, ikkje som eit hinder. Men det handlar først og fremst om å trekkje til seg unge, interesserte menneske som kan lære og vidareføre den kunnskapen og kompetansen som dagens entusiastar sit på. Behove for folk er stort, om ein

skal greie å ta vare på den eksisterande veteranflåten, for ikkje å snakke om «nye» båtar som kjem til. Ressursane, både når det gjeld pengar og folk, er aller-eie smurt tynt ut over, og konkurransen om merksemd og folk si fritid aukar.

**DEN SVENSK** revykongen Povel Ramel skreiv i si tid ei vise om «dom sista entusiastarna». Vi får håpe at den generasjonen som i dag fører den maritime arven vidare i form av å stelle og segle dei gamle båtane, ikkje vert dei siste entusiastane av sitt slag. «Stavenes» har alt sokke tre gongar. Skulle det skje igjen, er vi redd det ikkje vil vere folk att til eit nytt bergingsforsøk.



## Ta med deg avisa på ferie

Registrer ferieadressa di på nett:  
[www.firda.no/mifirda](http://www.firda.no/mifirda)

Logg deg inn med koden din, du finn den på Firdakortet (abonnentnr. + tre første bokstavane i etternamnet).

Du kan også gje bort avisa eller vi kan oppbevare den for deg.

Som abonnent har du no også tilgang på eAvisa. Gå inn på [www.firda.no/eavis](http://www.firda.no/eavis)



**FIRDA**